

Johannes Lie
LUREVEGEN 358B
5912 Seim

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9290 - 22/18361

Saksbehandlar:
Morten Mangerøy Helland
morten.mangeroy.helland@alver.kommune.no

Dato:
03.03.2022

Retting av grense i matrikkelkartet gbnr 156/5 - Alver kommune

Kommunen har fått inn ein henvendelse angåande feil i matrikkelkartet for gbnr. 156/5.
Eigar ber om at feilen vert retta opp.

Feilen gjeld grensa i aust for gbnr. 156/5. Vedlagt kart «Kartutsnitt av dagens situasjon» viser korleis kartet ser ut i dag. Sånn eigedommen ligg i kartet i dag grensar den ikkje til sjø, dette meinar eigar av gbnr. 156/5 er feil.

Ut frå dokumentasjonen me har for eigedommen, (Skyldskifte) er det tydleg at eigedommen tek til i flomålet i søraust og kjem at til flomålet i nordaust, før den fylgjer strandlinja tilbake til utgangspunktet.

Me vurderer den dokumentasjonen me har som god nok til å gjennomføre retting av grensa i kartet. Vedlagt føl «Kartutsnitt – Forslag til retting» og «Flyfoto» som viser vårt forslag til korleis me vil rette grensa. Me har etter beste evne tatt utgangspunkt i skyldskifte og digitalisert grensa ut i frå avstandar og beskrivingar her. Vedlagt føl og skyldskifte for eigedom gbnr. 156/5.

NB:

Føremålet med rettinga er kun å forbetra kartet, det er grensene i marka og skylddelingsdokument/utskiftningsdokument/jordskiftedokument som er rettsleg bindande for grensa. Denne rettinga er ikkje ei endring av grensene men ei retting av feil i matrikkelkartet. Kartet vil fortsatt ha usikker kvalitet etter rettinga og kan verte objekt for framtidig retting dersom me finn betre dokumentasjon. Skal grensene ha god kvalitet i kartet må det rekvirerast oppmålingsforretning.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Alle berørte og mogleg berørte partar vert med dette varsla om forslag til retting. Dersom du veit om personar som bør varslast men som ikkje er varsla ber me om at du tek kontakt sånn at me får varsla dei.

Me ber om at dersom de har merknadar eller spørsmål til rettinga gjer oss ei tilbakemelding innan **24.03.2022**. Dersom me ikkje høyrer noko innan den datoен vert grensene ført i matrikkelen som beskreve. I etterkant av matrikkelføring vil partane ha formell klagerett.

Ved vidare kontakt i saka, ver vennleg å referer til saksnummer 21/9290. For eventuelle spørsmål kan sakshandsamar kontaktast.

Med helsing
Alver kommune, Kart og oppmåling

Morten Mangerøy Helland
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Flyfoto
Kartutsnitt - forslag til retting
Kartutsnitt av dagens situasjon
Skyldskifte 156-5

Mottakarar:

Johannes Lie	LUREVEGEN 358B	5912	Seim
Lovise Espeland	HJELMS VEI 19	5063	Bergen
Ludvik Olai Espeland	WELHAVENS	5006	Bergen
Maria Tveiten	GATE 42		
Siren Moland	STABBURVEGEN 16B	5231	Paradis
	Hjelms vei 19	5063	Bergen